

Møtereferat #2, RG-1, 18.juni 2024

Deltakare:

- Marte Heggveit – Ny, lærar
- Alexander Stimson
- Randi Eikåsen
- Ingrid Vadder
- Arne Djuve – Ny, lærar
- Grunde Seltveit
- Tonje Felland
- Aanund Hauer – Ny, elev

Samtaleemne:

- Introduksjon av nye deltakarar i gruppa.
- Drøfting av dei gjenværande alternativa til ny skule

Alternativ 1: Behalde heile eksisterande bygg

Fordelar:

- Nokre store klasserom og spesialrom (Liofløya)
 - Til tross for dårleg planløyning på bygget, er det gode størrelsar på romma, då spesielt spesialrom.
- Redusera klimaavtrykk

Ulemper:

- Dårlige føringsveier for kabling
 - Vanskeleg å få til god himling med mindre ein senkar taknivå og set inn vindauge med mindre dimensjonar. Lange trekk frå ein side til ein annan – kan resultere i behov for auka tverrsnitt på kablar og andre utfordringa relatert til IT og elektro.
- Mykje daudareal
 - Lange store gangar utan noko anna funksjon enn ein kanal for folk.
- Solvendte klasserom, upresis temperaturregulering
 - Her kan teknologi minske ulempa, men slik det er i dag, utgjør det ein utfordring for elevar og lærarar
- Krympar areal
 - Med oppussing trer nye forskrifter inn, dermed aukar behovet for isolering, både mot elementa og ljod. Bruksareal kan bli noko mindre enn det det er i dag.
- Dårlige/ingen garderobeløysningar
 - Bygget er lite tilrettelagt for gode garderobeløysingar
- Lite tilrettelagt for klassetrinnsdeling
 - Ikkje gode løysingar pr i dag for å lage ein systematisk og ryddig klassetrinnsdeling

- Varetransport, utvendig og innvendig
 - Dette utgjør ein risiko for elevar. Det er ofte varetransport kjem køyrande inn på skulegarden sjølv om det er friminutt og elevar leiker. Bilane må ofte rygge inn mot inngangen mens elevane spring rundt.
- Støydemping
 - Som nemnt litt over. Romma er ikkje lydtette, verken til sida eller opp og ned
- Få og malplasserte grupperom
 - Dette er eit stort problem på skulen i dag. Det er for få moglegheit til å dele klassar, og enda viktigare: ikkje rom for konfidensielle samtale mellom elevar og lærarar. Dette skjer svært ofte i gangar der folk spaserer fritt gjennom.
- Mange blindsoner ute – krev fleire vakter
 - Skulen har to sider som må dekkes. Mannskapet strekkes tynt for å dekke vaktbehovet kvart friminutt.
- Lite personalrom
 - Mannskapet har vært begrensa i storleik, men til tross for dette er det ikkje nok sitteplassar på personalrommet.
- Manglar fleirbruksrom (moglegheit til å samle fleire klasser/kantine)
 - Det er eit behov for eit fellesareal ein kan romme fleire klassar. Denne kunne også fungera som ein samlingsplass for elevar utanfor læring, som ein kantine.

Alternativ 2: Behandla 21. mai.

Fordelar:

- Gode tilpassingsevne – forme skolen etter praktiske og tekniske behov, samt ny læreplan
- Lettare å imøtekomme krav/forskrifter med tanke på elevgruppers behov og rettigheter
- Store spesialrom i forhold til dagens norm
- Kan kome med bestilling på kva som trengs til ein viss pris
- Lettare å lage soner for klassetrinn
- Sunnare inneklima
- Redusert klimaavtrykk i.f.t. alt 3

Ulemper:

- Risiko at man låser seg til en enkel plan – lite fleksible løysningar for framtida.
 - Dette gjeld sannsynlegvis for alt nytt, då det kan vere vanskeleg å føreseia kva for behov ein får i framtida.

Alternativ 3: Alt nytt

Fordelar:

- Gode tilpassingsevne – forme skolen etter praktiske og tekniske behov, samt ny læreplan
- Lettare å imøtekomme krav/forskrifter ift elevgruppers behov og rettigheter
- Fritt til å utforme uteareal og bygningsmasse etter ein heilskapleg plan

- Kan komme med bestilling på kva som trengs til en viss pris
- Frigjer areal der Lio-bygget nå står
- Lettare å lage soner for klassetrinn
- Mindre areal å vedlikehalde og drifte
- Meir forutsigbart kostnadsbilde
- Sunnare inneklima

Ulemper:

- Areal pr elev
 - Sjølv om bygget sannsynlegvis får meir effektiv bruksareal, er det redsel for at det blir for smått, sjølv om forskrifter følges.
- Mindre spesialrom, dermed må klasser deles
 - Dette er dyre rom som vi fryktar blir reduserte i storleik for å spare inn på total kostnadar.
- Risiko at man låser seg til en enkel plan – lite fleksible løysningar for framtida
 - Dette var også eit punkt i alternativ 2. Det krev gode løysingar og vurderingar for framtidige behov då planen er å ha skulen i mange år framover.

Alternativ 4: Likt som alternativ 2, berre eiga bygg for ungdomsskulen

Fordeler:

- Gjer moglegheiter for å tilsette fleire lærarar i tillegg til Rektor (innflytting)
- Elever får følelsen av å begynne på noko nytt/miljøskifte/eigne reglar
- Elever betre forberedt til vidaregåande skule

Ulemper:

- Utfordrande for lærarar (logistikk)
 - Pr i dag, arbeidar mange lærarar på tvers av klassetrinn. Å gå frå den nye skulen (spesielt om den plasserast der det er foreslått), vil krevje mykje tid. Dette kan resultere i forseinkingar.
- Avstand til spesialrom (naturfag, mat og helse, sløyd/kunst, musikk)
 - Med mindre dette byggjast dobbelt opp.
- Auka behov for utstyr, logistikk og tidsbruk for vedlikehald/vaktmeistertenester/IT-Support/reinhald
- Redusera uteareal
- Auka klimaavtrykk
- Flaumsikring
 - Elva renn – spesielt om våren. Her ser vi for oss at det kan bli behov for flaumsikring, både voll, men også eit pumpesystem med naudaggregat.
- Fleire lagerplassar
- Varelevering
- Negativt for arbeidsmiljøet – splittet personale som allereie er lite
- Utfordrande for andre yrkesgrupper inne i skolen (rektor, helse...)
- Negativt for fagmiljøet